



MØTEINNKALLING

Utval: Formannskapet
Møtestad: Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato: 14.10.2014
Tid: 13:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til Fellesekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).

ORIENTERING:

Fyrst i møtet vert det orientering v/Geir S. Vik, Destinasjon Ålesund & Sunnmøre om mulig selskapsendring.

Fosnavåg, 08.10.2014

Arnulf Goksøyr
ordfører

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 155/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 156/14	Protokoll frå førre møte
PS 157/14	Delegerte saker
PS 158/14	Referatsaker
PS 159/14	Nytt hovudanlegg for SSR i Dragsund
PS 160/14	Reguleringsendring for deler av Trolldalen - Utlekking til offentleg ettersyn
PS 161/14	Detaljregulering for Eggesbøjorda gnr 38 bnr 2 mfl området F/K/O - Offentleg ettersyn
PS 162/14	Reguleringsendring Eggesbø 37/222 m/fl - Oppstart av privat planarbeid
PS 163/14	Forskotteringar per 30.09.2014
PS 164/14	Herøy kommune sin likvide situasjon per 30.09.2014
	Delegerte saker frå avdelingane
DS 37/14	Søknad om å ta skjenkeløyve ut av lokalet/ utvida skjenketid for én bestemt anledning (lukket og åpent arrangement)
DS 38/14	Skjenkebevilling - søknad om bevilling for én bestemt anledning (lukket og åpent arrangement)
	Referatsaker
RS 47/14	Mulig selskapsendring - orientering frå Destinasjon Ålesund & Sunnmøre
RS 48/14	Høyring i samband med konkurransetsetting av hurtigbåtsamband i Møre og Romsdal.
RS 49/14	Møteinvitasjon i samband med høyring

PS 155/14 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 156/14 Protokoll frå førre møte

PS 157/14 Delegerte saker

PS 158/14 Referatsaker



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2014/1530
		Arkiv:	45/2

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
159/14	Formannskapet	14.10.2014

NYTT HOVDANLEGG FOR SSR I DRAGSUND

Tilråding frå rådmannen:

Særutskrift:

Erling Johann Dragsund
SSR

Vedlegg:

Nytt hovudanlegg for SSR, oversendingsbrev

[Kart](#)

Saksopplysningar:

SSR viser til at dagens anlegg i Saunesmarka ikkje har ei optimal beliggenheit ut i frå plassering og utbygginga i området. Med omsyn til den utviklinga styret ser vil komme for framtidens miljøstasjonar vurderer ein andre lokaliseringalternativ.

I representantskapet til SSR den 9. mai d.å. vart to alternativ for framtidens miljøstasjonar handsama. Det eine var ei desentralisert løysing med to miljøstasjonar i tillegg til hovudanlegget. Det andre alternativet var eit stort hovudanlegg i Dragsundområdet. Eit einstemmig representantskap vedtok eitt utbyggingsalternativ / område til nytt hovudanlegg for selskapet: Dragsund eller der omkring – sentralisert løysing

Styret legg til grunn at miljømål i dag og i framtida best kan realiserast ved å ha eitt sentralanlegg. Det må leggjast til rette for eventuell ekspansjon m.o.t. framtidige regionale og nasjonale krav til sortering (miljøaspektet / jfr. avfallshierarkiet). Det må m.a.o. takast høgde for at nye fraksjonar kjem. Dagens plassering i Saunesmarka kan vere begrensande for vidare utvikling.

Eit nytt hovudanlegg vil vere framtidretta med krav til estetikk, også i forhold til topografi og omgjevnader elles. Det skal vere innbydande for innbyggjarane, noko som igjen skal innby til kjeldesortering.

På det nye hovudanlegget skal det vere eit tydeleg skille mellom publikumsområde og industriområde – og publikumsområdet vil bli særdeles godt merka med skilt, etc.

Eventuell frykt for lukt vil bli spesielt ivaretatt gjennom nødvendige tiltak. Det vil ikkje bli miljøskadelege utslepp frå det nye anlegget, kun vanleg kloakk. Det er viktig å streke under at eit nytt anlegg er eit miljøanlegg og ikkje eit deponi. Det skal ikkje deponerast noko på dette anlegget, kun mellomlagrast.

For at SSR vil kunne realisere eit såpass stort og viktig prosjekt i Dragsundområdet, er selskapet avhengig av tilslutning frå og samarbeid med Herøy kommune.

SSR ønskjer ei politisk tilbakemelding på haldnings -/ prinsippavklaring for / mot etablering av miljøstasjon i Dragsund.

Ytterligere informasjon ligg som vedlegg til saka

Vurdering og konklusjon:

Omsøkt område er i forslag til ny arealplan lagt ut som næringsområde med plankrav. På austsida av fylkesvegen er det lagt ut eit samla næringsareal på om lag 165 da. Kommuneplanen sin arealdel vert fremja for kommunestyret den 30.10.14 for endeleg godkjenning.

Tomta som SSR ønskjer å etablere seg på er del av gnr 45 bnr 2 som er eigd av Erling Johann Dragsund. Arealet sin samla storleik er på om lag 66 da.

Før tiltak kan realiserast i dette området legg rådmannen til grunn at det vil vere naudsynt at heile det samla området som er lagt ut til næringsområde vert regulert.

SSR ønskjer ei politisk tilbakemelding på haldnings -/ prinsippavklaring for / mot etablering av miljøstasjon i Dragsund. Saka vert lagt fram for formannskapet for vurdering utan tilråding.

Kart - <http://www.kommunekart.com/#15/62.2718/5.8045>

Konsekvensar for folkehelse:

Konsekvensar for beredskap:

Konsekvensar for drift:

Fosnavåg, 08.10.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller

Herøy kommune
Planleiar Jarl Martin Møller

06.10.2014

NYTT HOVDANLEGG FOR SSR – DRAGSUNDALTERNATIVET

Vi syner til møte på rådhuset i Herøy onsdag 1. oktober d.å., og kjem her – som avtalt – med innspel til saka som skal opp i formannskapet i Herøy 21. oktober d.å.

1. Vedtak frå representantskapsmøtet i SSR 9. mai 2014

Dagens anlegg i Saunesmarka har ikkje ei optimal beliggenheit ut i frå plassering og utbygginga i området, og heller ikkje fordi det er begrensa plass for den utviklinga styret ser vil komme for framtidias miljøstasjonar.

I representantskapet 9. mai d.å. vart to alternativ for framtidias miljøstasjonar handsama. Det eine var ei desentralisert løysing med to miljøstasjonar i tillegg til hovudanlegget. Det andre alternativet var eit stort hovudanlegg i Dragsundområdet. Eit einstemmig representantskap vedtok eitt utbyggings-alternativ / område til nytt hovudanlegg for selskapet: Dragsund eller der omkring – sentralisert løysing

2. Styret si begrunning for forslaget og element i vurderinga

SSR har vedtatt ein strategisk plan som er bygd på tre hovudelement:

- God kundetilfredsheit
- Miljømål – internasjonale, nasjonale og lokale
- Krav til effektiv drift

SSR arbeider for tida med ein ny strategi for å legge grunnlaget for «Neste generasjon SSR». Denne selskapsstrategien vil bli føreslått bygd på dei same hovudelementa.

Styret i SSR meiner at ei sentral løysing er den beste ut i frå m.a. følgande begrunning:

a) Miljømål

Styret meiner at dagens og framtidias miljømål best kan realiserast ved å ha eitt sentralanlegg. Det vil bli lagt til rette for eventuell ekspansjon m.o.t. framtidige regionale og nasjonale krav til sortering (miljøaspektet / jfr. avfallshierarkiet). Det

må m.a.o. takast høgde for at nye fraksjonar kjem. Dagens plassering kan vere begrensande for vidare utvikling.

Eit nytt hovudanlegg vil vere framtidsretta med krav til estetikk, også i forhold til topografi og omgjevnader elles. Det skal vere innbydande for innbyggjarane, noko som igjen skal innby til kjeldesortering.

På det nye hovudanlegget skal det vere eit tydeleg skille mellom publikumsområde og industriområde – og publikumsområdet vil bli særdeles godt merka med skilt, etc.

Eventuell frykt for lukt vil bli spesielt ivaretatt gjennom nødvendige tiltak. Det vil ikkje bli miljøskadelege utslepp frå det nye anlegget, kun vanleg kloakk. Det er viktig å streke under at eit nytt anlegg er eit miljøanlegg og ikkje eit deponi. Det skal ikkje deponerast noko på dette anlegget, kun mellomagrast.

b) Kundetilfredsheit

Selskapet sin suksess er heilt avhengig av høgast muleg kundetilfredsheit. Dette kan m.a. sikrast ved utforminga av anlegget.

Eit nytt hovudanlegg vil ha akseptabel avstand for heile regionen, jfr. også tiltaka for dei som har lengst avstand til anlegget – lokale løysingar (greinplassar, ryddeaksjonar, utplassering av containerar) . Styret erkjenner at avstand kan vere eit argument mot eit sentralanlegg, men har vurdert at dette ikkje kan vere avgjerande ut i frå andre omsyn som må takast.

Ved eit vedtak om eitt hovudanlegg, vil det også bli lagt store ressursar i kommunikasjons- og informasjonsarbeid for å sikre kundetilfredsheit.

c) Effektivitet

I ei slik sak er investeringskostnader og driftskostnader sentrale faktorar i ei vurdering mellom ulike alternativ. Kostnadsnivået og den reint driftsmessige effektiviteten (m.a.o. gebyrpåverknaden) tilseier eitt anlegg. Eitt moderne hovudanlegg vil få betre tilbod enn i dag, t.d. når det gjeld opningstider, enn ved å ha fleire anlegg å spre aktiviteten på.

Forts.

3. Oppsummering

Både eitt sentralanlegg og ei desentralisert løysing vil kunne danne grunnlag for ei forsvarleg utbygging av framtidens miljøstasjon(ar). Styret i SSR meiner at eitt anlegg i ei totalvurdering er å tilrå – jfr. det som er nemnt i punkta ovanfor.

For å kunne realisere eit såpass stort og viktig prosjekt i Dragsundområdet, er selskapet avhengig av tilslutning frå og samarbeid med Herøy kommune.

SSR ønskjer difor ei politisk klarering snarast muleg, og helst før møtet i representantskapet vårt 7. november d.å. Vi er difor også tilfredse med at SSR kan få ei haldnings -/ prinsippavklaring for / mot Dragsund på formannskapsmøtet 21. oktober 2014. Dagleg leiar vil sjølv sagt kunne stille her med ein kort presentasjon og svare på dei spørsmåla formannskapet måtte ha.


Ta gjerne kontakt dersom det er noko du / de lurar på.

Med helsing


Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS

George H. Fulford
styreleiar

Einar Heimdal
dagleg leiar



Kartopplysningar som kreves ved omsetning av eigedomar, skal bestillast skriftleg hjå kommunen. Kommunen står ellers ikkje ansvarleg for feil i kartet.



Kartopplysningar som kreves ved omsetning av eigedomar, skal bestillast skriftleg hjå kommunen. Kommunen står ellers ikkje ansvarleg for feil i kartet.

© Kartverket



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr:	2014/1043
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
160/14	Formannskapet	14.10.2014

REGULERINGSENDRING FOR DELER AV TROLLDALEN - UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN

Tilråding frå rådmannen:

Formannskapet vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, at planforslag for reguleringsendring Trolldalen, datert 08.9.2014, vert lagt ut til offentlig ettersyn.

Særutskrift:

- Offentlege uttaleinstansar
- Grunneigarar, tverrbuarar og naboar til planområdet

Vedlegg:

01 – Plankart, datert 08.09.2014

02 - Reguleringsføresegner, datert 08.09.2014

03 - Planomtale med vedlegg, datert 08.09.2014

Saksopplysningar:

Herøy kommune ved Utviklingsavdelinga har her utarbeidd forslag til reguleringsendring for eit avgrensa område i Trolldalen. Området er i dag regulert til forretning i gjeldande reguleringsplan. I det nytt forslag til arealbruk for denne eigedomen, er tomte tenkt omregulert for bygging av fleirmannsbustader.

Oppstart av planarbeid med omregulering blei kunngjort 26.06.2014, der grunneigarar, naboar, tverrbuarar, offentleg uttaleinstansar og lag/organisasjonar blei varsla med eige brev. Det kom inn totalt 5 innspel frå både offentleg og private, der 3 av desse ikkje hadde merknader til planarbeidet.

Herøy kommune er grunneigar av eigedomen som er tenkt omregulert frå forretning til bustad. Tomte som er tenkt til fleirmannsbustader har ein storleik på 4.4 daa, og har byggjegranser mot senterlinje fylkesveg på 20 meter.

Rådmannen vil nedanfor gi ein kort presentasjon av dei mest sentrale elementa i planforslaget. For meir detaljert informasjon om planen, vert det vist til planomtalen.

Vurdering og konklusjon:

Planforslaget

Bustad

Planforslaget legg til rette for KS-område (konsentrert småhusbebyggelse) på 4.4 daa. Grad av utnytting for tomte er sett til %BYA = 4.4 daa. Nye bygningar skal ha gesimshøgde på 6.5 meter. Byggjegrænse frå senterlinje fylkesveg blir sett til 20 meter, og byggjegrænse til kommunal veg 5 meter. Parkering skal opparbeidast på eigen grunn.

Det skal setjast av eit felles uteopphaldsareal på 200 m² innanfor området KS. Arealet skal vere tilrettelagt for både leik og opphald. Det skal førast opp leikeutstyr – og leik for born i alderen 1-7 år skal prioriterast. Uteopphaldsareal som vert nytta til leik skal skjermast mot støy. Ved byggesøknad skal støynivå og skjermingstiltak dokumenterast og visast på situasjonsplan. Støynivå skal vere innanfor krava i rettleiar T-1442/14.

Gang- og sykkelveg og anna veggrunn:

Ferdig utbygd gangveg og tilhøyrande grøfteareal avviker noko frå opphavleg reguleringsplan. Ein har difor sett det som naudsynt å ta med desse areala i plan, for å få ein oppdatert plan som er i samsvar med det som er utbygd i Trolldalen.

Vurdering

Rådmannen vurderer det slik at området som er regulert til forretningsformål i Trolldalen ikkje lenger er aktuell. Herøy kommune opplever i dag press på ledig bustadareal og etterspurnad etter nye bustadtomter. Herøy kommune er eigar av området som er vist som forretning. Med bakgrunn i vekst og etterspurnad etter bustadtomter, ser ein det som naturleg at tomta blir omregulert og lagt ut for sal.

Det er i planomtalen gjort ei grundig vurdering av konsekvensane av planforslaget. Risiko og sårbarheit er også vurdert. Det er ikkje avdekt uheldige tilhøve i dette arbeidet. Rådmannen viser til planomtale og tilhøyrande ROS-analyse.

Når det gjeld forholdet til støy frå vegtrafikk i området, viser rådmannen til at det er stilt krav om ytterlegare utgreiing og skjermingstiltak i reguleringsføresegnene. Dette inneberer at før tomta kan byggast ut, må det prosjekterast skjermingstiltak for nye bustadar og uteopphaldsareal.

Av omsyn til at reguleringsplanen skal ha ei viss form for fleksibilitet knytt til val av bustadtype på tomta, ser rådmannen det som mest naturleg at val av skjermingstiltak mot støy blir gjort når ein veit kva type bustadhus som skal først opp på tomta og korleis uteareala er tenkt planlagt. Dette er detaljar som rådmannen meiner må takast gjennom prosjektering og byggesak.

Rådmannen meiner plankartet med tilhøyrande dokument som no ligg føre er godt gjennomarbeidd. Arealbruken i plan legg opp til fortetting og rasjonell utnytting av bustadareala for denne delen av kommunen. Etter rådmannen si vurdering vil planforslaget med omregulering frå forretning til bustadformål vere rett for denne tomta.

Ein kan ikkje sjå at det er kjent spesielle tilhøve knytt til naturmangfaldet innanfor planområdet jfr. Direktoratet for naturforvaltning sine databaser. Planlagt arealbruk vil difor ikkje innebere noko meirbelastning for naturmangfaldet i området.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen

Konsekvensar for beredskap:

Ingen

Konsekvensar for drift:


Ingen

Fosnavåg, 16.09.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg



Boligbebyggelse - konsentrert småhusbebyggelse (4355 m²)

Reguleringsplan-Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PE)

Gang/sykkelveg (326 m²)

Annen veggrunn - tekniske anlegg (134 m²)

Reguleringsplan-Hensynsoner (PBL2008 §12-6)

Sikringsone - Frisikt

Reguleringsplan-Juridiske linjer og punkt PBL2008

Sikringsonegrense

Støysonegrense

Reguleringsplan-Felles for PBL 1985 og 2008

Regulerings- og bebyggelsesplanområde

Planens begrensning

Formålsgrense

Byggegrense

Regulert senterlinje

Målelinje/Avstandslinje

Basiskartet er tegnet med svak gråfarge

Eierform:

o_ = Offentleg formål

f_ = Felles privat formål

Kartopplysninger

Kilde for basiskart: Geovekst AS

Dato for basiskart: -

Koordinatsystem: UTM sone 32 / Euref89

Høydegrunnlag: NN 1954

Ekvidistanse 1 met

Kartmålestokk 1:100

0 10 20



DETALJPLAN - PBL (2008) § 12-3

Reguleringsendring Trollaldalen

Herøy (1515) MED TILHØYRANDE REGULERINGSFØRESEGNER

kommune

Revisjon av plankart

A

B

C



HERØY KOMMUNE – REGULERINGSFØRESEGNER

201401 - REGULERINGSENDRING FOR TROLLDALEN GNR 55 BNR 19 M.FL

Planident:	Saksnummer:	Eigengodkjent dato:	Eigengodkjent av:
201401	2013/165	xx.xx.xxxx	XXXXXXXXXX

§ 1 - GENERELT

Område og plangrense:

Som vist innanfor plangrensa på tilhøyrande plankart.

1.1. Gyldigheitsområdet

Desse reguleringsføresegnene gjeld for det området som på plankartet er vist med reguleringsgrense. Innanfor desse grensene skal areala nyttast slik som planen (plankartet og føresegna) fastsett.

1.2 - Andre lover og vedtekter:

Reguleringsføresegnene kjem i tillegg til plan- og bygningsloven (PBL) og gjeldande vedtekter for Herøy kommune

1.3. Privatrettslige

Etter at reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslige avtaler som er i strid med planen.

§ 2 – REGULERINGSFORMÅL

Areala innanfor plangrensa er regulert til følgjande formål:

Byggje- og anleggsformål (Pbl. § 12-5 nr. 1):

KS	Bustader – konsentrert småhusbebyggelse
----	---

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (Pbl. § 12-5 nr. 2):

GV	Gangveg.
AV	Annan veggrunn, teknisk

Omsynssoner (Pbl § 12-6)

H 140-1	Frisikt.
H 210	Støy – raud sone iht T-1442/12
H 220	Støy – gul sone iht T-1442/12

§ 3 – FELLESFØRESEGNER

3.1 – Plassering, utnytting og høgde

REGULERINGSFØRESEGNER
REGULERINGSENDRING FOR TROLLDALEN GNR 55 BNR 19 M.FL
PLANID: 201401

Bygningar skal plasserast innanfor regulerte byggegrenser. Tillate bebygd areal (BYA) skal definerast etter teknisk forskrift (TEK). Gesims- og mønehøgde skal reknast etter gjeldande teknisk forskrift (TEK).

3.2 – Estetikk, form og utsjånad

Kommunen skal ved behandling av byggesøknad, sjå til at bygningar får ei god form og materialbehandling og at bygningar i same område får ein heilskapleg og harmonisk utsjånad med omsyn til takvinkel, material og farge. Der ikkje anna er bestemt, kan kommunen fastsette like takvinklar og lik takutforming for bygningar i same formålsområde eller innanfor bestemte bygningssgrupper.

3.3 – Utomhusareal

Dei ikkje utbygde delane av tomta skal gjevast ei tiltalende utforming. Skjeringar og fyllingar skal behandlast og plantast med stadeigen vegetasjon. Ved opparbeiding av utomhusareal skal det leggjast vekt på å gi materialar og installasjonar høg estetisk kvalitet.

Parkeringsplassar skal ha fast dekke. Der det er aktuelt med bruk av murar, skal desse av omsyn til estetikk, førast opp fortrinnsvis i naturstein.

3.4 – Mindre bygningar

Innanfor byggeområda kan det oppførast trafokioskar, pumpestasjonar eller andre tekniske innretningar der dette er naudsynt. Frittstående bygg skal tilpassast bygningar og anlegg på staden med omsyn til form og farge. Slike innretningar skal godkjennas av kommunen.

3.5 - Kulturminne

Dersom en under arbeid kommer over noe som kan være automatisk freda kulturminne, plikter en å stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune for avklaring, jf. kulturminnelova §8 andre ledd.

3.6 - Universell utforming:

Planlegging og utbygging skal basere seg på prinsippet om universell utforming / tilgjengelegheit for alle.

3.7 – Dokumentasjon ved byggesøknad

Ved søknad om løyve til tiltak skal det følgje med situasjonsplan i målestokk som viser løysingar for:

- Plassering av nye bygningar i området (inkludert mindre frittliggjande bygg)
- VA- rammeplan for tomte
- Utforming av utomhusareal og materialbruk
- Opparbeiding av parkeringsplassar og organisering av parkeringsløyving
- Terrenghøgde for nye bygningar, tilkomstveg, parkering og uteareal
- Avkøyrsløysing og tilkomstforhold til tomte
- Sol- og skuggeforhold for utomhusareal

3.8 - Illustrasjonsmaterialet

Illustrasjonsmaterialet som følgjer planforslaget er ikkje bindande, men skal vere retningsgivande for vidare prosjektering og utbygging i planområdet.

3.9 - Vegareal

Dersom detaljprosjektering av vegar og fortau innanfor planområdet viser at det er naudsynt å legge deler av skjering og fylling utanfor formålsgrensa, kan desse leggjast på tomtegrunn/tilstøytane areal.

§ 4 - BEBYGGELSE OG ANLEGG (PBL § 12-5 nr. 1)

4.1 – Bustad – konsentrert småhusbebyggelse (KS)

4.1.1 Arealbruk

Innanfor området KS kan det etablerast bustadbygg med fleire bueiningar innanfor kvart bygg. Talet på bueiningar innanfor kvart bygg skal avgjerast i byggesaka.

4.1.2 Høgde og utnyttingsgrad

Bygningar i formålsområde KS skal ha ei gesimshøgde som ikkje overstig 6.5 meter, målt frå gjennomsnittlig ferdig planert terreng kring bygget.

Grad av utnytting er maks BYA%= 40%.

Nye bygningar skal ha ei utforming som speglar dagens arkitektur.

4.1.3 Byggjegranser og plassering

Byggjegranser for område KS er vist på plankartet og nye bygningar skal plasserast innanfor desse byggjegransene.

4.1.4 Parkering

For nye bueiningar skal det setjast av minst 1,5 parkeringsplass pr. bueining. 1 plass skal vere overbygd. Dersom samla tal på bueiningar overstig 10 vert kravet til gjesteparkering redusert til 0,25 per bueining.

Parkeringsplassar skal ha fast dekkje, belysning og vere fysisk oppmerka.

4.1.5 Uteopphaldsareal

I området KS skal det setjast av eit felles uteopphaldsareal på 200 m². Arealet skal vere tilretteleggast for både leik og opphald. Det skal førast opp leikeutstyr, og leik for born i alderen 1-7 år skal prioriterast.

Uteopphaldsareal som vert nytta til leik skal skjermast mot støy. Ved byggesøknad skal støynivå og skjermingstiltak dokumenterast og visast på situasjonsplan.

Det kan etablerast private uteopphaldsareal i form av terrasser/balkongar til kvar av bueiningane. Krav til minste private uteopphald (MUA) pr. bueining skal ikkje vere under 10 m². Desse skal vere skjerma mot støy.

Generelt for uteopphaldsareal skal desse ha gode solforhold og vere skjerma mot forureining. Støynivå skal vere innanfor krava i rettleiar T-1442/14.

4.1.6 Støy

Støykartlegging som følgjer denne planen viser at ikkje utbygd bustadareal har støynivå i gulsone i hht T-1442/12.

Før utbygging av bustadareal innan KS- området skal det gjennomførast støyvurdering som fastlegg naudsynte tiltak for å sikre at minste utomhusareal (MUA) og bygning held støykrava etter T 1442/12, det vert vist til rekkjefølgjekravet om støytiltak i § 7.

§ 5 - SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL § 12-5 nr. 2)

5.1 - Gang- og sykkelveg (GV)

Gang- og sykkelveg er vist i plankartet slik den er fysisk opparbeidd i dag. Arealet er offentlig og ope for ålment ferdsel.

5.2 - Annan veggrunn – tekniske anlegg (AV)

Områda er anna veggrunn tekniske anlegg i planområdet. Arealet er grøfteareal mellom gangveg og køyreveg.

§ 6 - OMSYNSSONER (PBL § 12-6)

6.1 Frisiktsoner (PBL. § 11 – 8 a.1)

I frisiktsoner H140_1 og H140_2 skal det til ei kvar tid vere fri sikt i ei høgde over 0,5m over plan for tilstøytande vegar.

§ 7 – REKKEFØLGJEKRAV

7.1 Støyskjerming

Nødvendige støytiltak skal gjennomførast samtidig med bustadbygging innanfor området KS.

*Reguleringsplan godkjend i Herøy kommunestyre, K-sak XX/14 (dd.mm.åååå).


Fosnavåg, _____

Ordførar



HERØY KOMMUNE

PLANOMTALE



«Reguleringsendring Trolldalen gnr 55 bnr 19 m.fl»

Herøy kommune, Utviklingsavdelinga, September 2014.

PLANID: 201401

Innhald

1. Samandrag	4
2. Nøkkelopplysningar	5
3. Bakgrunn	6
3.1. Bakgrunn	
3.2. Føremål med planen	
3.3. Tiltakshavar, konsulent, eigarforhold	
3.4. Vurdering i høve konsekvensutgreiing.....	
4. Planprosessen	6
4.1. Oppstartsmøte	
4.2. Forvarsling	
4.3. Medverknad.....	
4.4. Endringar etter offentleg ettersyn.....	
5. Planstatus og overordna rammer	7
5.1. Kommuneplan	
5.2. Gjeldande reguleringsplanar	
5.3. Temaplanar	
5.4. Statlege planretningslinjer/rammer/føringar	
6. Skildring av planområdet	8
6.1. Lokalisering	
6.2. Dagens arealbruk	
6.3. Staden sin karakter	
6.4. Landskap	
6.5. Kulturminne og kulturmiljø	
6.6. Naturmangfald.....	
6.7. Trafikkforhold	
6.8. Teknisk infrastruktur	
6.9. Grunnforhold	
6.10. Støy	
6.11. Luftforureining	
6.12. Radon.....	
7. Skildring av planforslaget	11
7.1. Planlagt arealbruk	
7.2. Arealformål	
7.3. Gjennomgang av arealformål og løysingar	
7.4. Parkering.....	
7.5. Tilknytning til infrastruktur.....	
7.6. Universell utforming	
7.7. Kulturminne	
7.8. Estetikk i planområdet	
7.9. Born og unge sine interesser	
7.10. Renovasjon	
7.11. Risiko og sårbarheit, ROS	
8. Verknader av planforslaget	13
8.1 Plangrep.....	
8.2 Barn- og unge.....	
8.3 Universell utforming.....	
8.4 Naturmangfald og biologisk mangfald.....	
8.5 Støy.....	
8.6 Kulturminne.....	

8.7. Økonomiske konsekvensar for kommunen	
9. Innkome innspel	
9.1. Merknader	
10 Vedleggsliste	14

1. Samandrag

Målet med planarbeidet er ei endring av arealbruken frå forretning til bustadformål, for ei tomt i Trolldalen bustadfelt.

Reguleringsplanen vert fremja som ein detaljplan iht. pbl § 12-3.

Området er i gjeldande reguleringsplan avsett til forretning, der kringliggjande arealbruk er dominert av bustadformål.

Grunnen i planområdet er i kommunalt eige.

Planforslaget er tidlegare vurdert etter "Forskrift om konsekvensutgreiing " etter plan- og bygningslova. Ein har ved oppstart av planarbeid og gjennomarbeid med utarbeiding av forslag til løysingar, konkludert med at planlagde tiltak ikkje har så vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn at konsekvensanalyse og planprogram er naudsynt i denne saka. Ein viser elles til ROS-analysen som følgjer som ein del av denne planomtalen.

Tiltakshavar for prosjektet er Herøy kommune ved Utviklingsavdelinga.

2. Nøkkelopplysningar

Bygd:	Tjørvåg
Stad/adresse:	6070 Tjørvåg
Gnr / bnr:	Gnr 24 bnr
Gjeldande planstatus:	1515197601 TROLLDALEN- STORNESET
Forslagstillar:	Herøy kommune
Grunneigar:	Offentleg, kommunalt og privat
Plankonsulent:	Utviklingsavdelinga
Eksisterande planstatus:	Kommuneplan, reguleringsplan
Planområde sitt areal (daa):	4.8 daa
Aktuelle problemstillingar:	Bustad, gangveg, støy
Kunngjering, dato:	26.06.2014.
Varslingsdato berørte partar:	26.06.2014.
Medverknad utover varslingsdato:	Møte med særskilde grupper
Krav om konsekvensutgreiing:	Nei

3. Bakgrunn

3.1 Bakgrunn

Bakgrunnen for planarbeidet er at Herøy kommune ønskjer å legge til rette for meir bustadbygging i Trolldalen.

3.2 Føremål med planen

Målet med planarbeidet er å utarbeide ein detaljplan som skal gi grunnlag for seinare bygging av fleirmannsbustader. Reguleringsplanen vert fremja som ein detaljplan iht. pbl § 12-3.

3.3 Tiltakshavar, konsulent, eigarforhold

Grunnen i planområdet er i kommunalt eige. Tiltakshavar og utførande plankonsulent er Herøy kommune.

3.4 Vurdering i høve konsekvensutgreiing

Tiltaket er vurdert etter "Forskrift om konsekvensutgreiing" etter plan- og bygningslova. Ein har konkludert med at planlagde tiltak ikkje har så vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn at planprogram og konsekvensanalyse er nødvendig i denne saka.

4. Planprosessen

4.1. Oppstartsmøte

Det er ikkje halde formelt oppstartsmøte sidan kommunen er tiltakshavar og står for planarbeidet. Ein har tidlegare drøfta planavgrensing og løysingar og medverknad.

4.2. Forvarsling

Det blei varsla oppstart av planarbeidet, ved annonse i avisa Vestlandsnytt og skriv til be 26.06.2014. Frist for å kome med innspel sett til 01.09.2014 (noko utvida grunna ferietid)

Det kom inn 5 innspel til planoppstart, viser elles til punkt 8 i planomtalen.

4.3. Medverknad

Eldrerådet, Ungdomsrådet, Barnerepresentant og Rådet for menneske får brev ved offentleg ettersyn. Det blir vurdert om det skal haldast eit medverknadsmøte.


5. Planstatus og rammer

5.1 Kommuneplan

Planområdet er i kommuneplanen sin arealdel (godkjend 2004) lagt ut til område der eksisterande reguleringsplan framleis skal gjelde.

5.2. Gjeldande reguleringsplanar

Den delen av planområdet som no er under regulering, er i gjeldande reguleringsplan avsett til forretning. Følgjande godkjende reguleringsplaner blir derfor delvis omregulert: 1515197601 TROLLDALEN-STORNESET



Utsnitt av gjeldande reguleringsplan for området.

5.3. Temaplanar

Ingen kjende temaplanar.

5.4. Statlege planretningslinjer/rammer/føringar

RPR for samordna areal- og transportplanlegging:

Utbygginga som er planlagt er i hovudsak i tråd med retningslinjene for å oppnå samordna areal og transportplanlegging. Retningslinjene går i hovudsak ut på å få ein mest mulig effektiv, trygg og miljøvennlig transport, slik at transportbehovet vert avgrensa.

RPR for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga:

Konkret er det spesielt pkt. 5 som går på krav til fysisk utforming som vil vere aktuell i denne plansaka.

"Følgjande skal visast spesiell merksemd:

a. Areal og trafikkanlegg som skal brukast av barn og unge skal vere sikra mot forureining, støy og trafikkfare.

b. I nærmiljøet skal det finnast areal der barn kan utfolde seg og skape sitt eige leikemiljø. Det føreset blant anna at areala:

- *Er store nok og eignar seg for leik og opphald*
- *gir muligheter for ulike typar leik på ulike årstider*
- *kan brukast av ulike aldersgrupper, og gir høve for samhandling mellom barn, unge og vaksne.*

6. Skildring av planområdet

6.1. Lokalisering

Planområdet ligg i Trolldalen i Herøy kommune, ein del ei bygd langs fylkesveg 654 mellom Fosnavåg og Ulsteinvik. Frå Trolldalen er det om lag 22.2 km til Fosnavåg sentrum, og om lag 0.7 km til Stokksund skule (barne- og ungdomsskule).

Planområdet omfattar areal avsett til forretning. Det er tatt med nødvendig areal for å justere plankart i høve utbygd gang- og sykkelveg i området, samt frisiktsone i vegkryss.



Eggesbønes

Planområdet

Myrvåg

6.2. Dagens arealbruk

Arealet som er under regulering ligg langs fylkesveg 654 og er omkransa av tilkomstveg i aust og fylkesvegen i vest. Mellom tomt som er tiltenkt til bustadføre mål og fylkesvegen går det i dag ein opparbeidd gangveg som er koplå til det planskilte

kryssingspunktet (undergangen) i Trolldalen. Vegetasjonen i området er prega av stadeigen lyngvegetasjon og det som dominerer i området.



Flyfoto over området

6.3 Staden sin karakter

Området ber i dag preg av å vere eit vel etablert bustadområde med innslag av både fleirmannsbustader og einebustader frå varierende tidsepokar. Ein finn pr i dag ikkje eit utprega arkitektonisk særpreg som kan karakterisere ein fellesnemnar for bustadane i området. Her er det innslag av bustader med stilartar frå ulike arkitektoniske tidsepokar.

6.4 Landskap

Landskapet i planområdet har ein karakter som gir ei avtrapping i terrenget frå nord til sør i planområdet.

6.5 Kulturminne og kulturmiljø

Så langt ein kjenner til er det ikkje registrerte SEFRAK-registreringar i det aktuelle planområdet. Det er heller ikkje kjende arkeologisk registreringar innanfor planområdet.

6.6 Naturmangfald

Ein har vurdert planområdet opp mot prinsippa i naturmangfaldslova og i høve Direktoratet for naturforvaltning sin naturbase. Så langt ein kan sjå er ikkje planforslaget i konflikt med prioriterte artar, utvalte naturtypar eller områder med særskilt sårbare økosystem.

6.7 Trafikkforhold

Fylkesveg 654 går vest for planområdet i nord-sør retning. Mellom tomt tenkt til bustad går det i dag etablert gangveg til undergang. Aust og sør for tenkt bustadtomt går det kommunal køyreveg. Fartsgrense for FV654 i området er 60 km/t. FV654 har i dag trafikk tilsvarende ÅDT 3300 (tal frå 2009), jf nasjonal vegdatabank.

6.8 Teknisk infrastruktur

Det er i dag opparbeidd infrastruktur for veg, vatn og avløp i området. I nærleiken av tomte går det i dag både leidningar for avløp, overvatn, vassforsyning. Det er også etablert kummar og tilkoplingspunkt i området.



Utsnitt av VA-kart for området.

6.10 Grunnforhold og geologi

Berggrunnen i planområdet består av gneis, for det meste kvartsdiorittisk til granittisk, mange stader migmatittisk, augegneis.


Kvartærgeologiske kart viser at planområdet ligg innanfor eit området med tynt humusdekke som ligg rett på berggrunn, der mektigheit er vanlegvis 0.2 – 0.5 m, med moglegheit for at det lokalt kan vere variasjonar i denne tjukkelsen. Fjell ofte synleg i dagen i desse lausmassane.

6.11 Støy

Utgangspunktet for støyberekningar kring FV654 er trafikkdata frå den nasjonale vegdatabasen.

Støyvarselkartene er utarbeidd etter Miljøverndepartementets retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442). Støyvarselkarta viser beregna raud ($L_{den} > 65\text{dB}$) og gul ($L_{den} > 55\text{dB}$) støysoner langs fylkesveg. Støyvarselkart frå Statens vegvesen viser ein prognosesituasjon 15–20 år fram i tid. Det vil seie at årsgjennsnitttrafikk, som er en av de viktigste parametera i støyberekningsmodellen, er fremskrive (basert på prognoser) til oppgitt berekningsår.

Støyen er vurdert etter vegvesenets policy-dokument for etterleving av planretningslinje T-1442. Arealet som er tenkt til bustad og som er innanfor skissert byggjegrænse vil ikkje overskride støygrensa på L den = 65 dB. Ingen bustader skal, etter planforslaget, plasserast i støyområdet i raud sone med støy over L den = 65 dB. Det er teke inn i reguleringsplan føresegner som for handtering av støy ved prosjektering av nye bustader innanfor gul sone.



Kartutsnitt støysoner

6.12. Luftforureining

Planområdet er ikkje utsett for luftforureining.

6.13 Radon

Kart frå NGU viser at det ikkje er registrert førekomst av radon i det aktuelle planområde.

7. Skildring av planforslaget

7.1 Planlagt arealbruk

Målet med planforslaget er å endre gjeldande reguleringsplan for Trolldalen og legge til rette for fleire konsentrerte bustader i dette området.

7.2 Arealføremål

Bygningar og anlegg (PBL § 12-5, nr. 1)

- Bustader – konsentrert småhusbebyggelse, KS

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr. 2)

- Gangveg, G
- Annan veggrunn - teknisk anlegg

Sikringssone (PBL. § 11-8 a.1, jf. § 12-6)

- Frisikt (H140)

7.3 Gjennomgang av arealformål og løysingar

Konsentrert småhusbebyggelse (FS):

Planforslaget legg til rette for eit område med konsentrert småhusbebyggelse (KS). I dette arealet inngår det i hovudsak areal som er avsett til forretning i gjeldande plan. Storleiken på arealet er 4.4 daa. Utnyttingsgrad for dette området er sett til maks %BYA = 40 %. I grunnlaget for utrekning av BYA skal parkeringsareal takast med.

Nye bygningar skal her plasserast innanfor byggjegransene 5.0 meter til regulert vegkant/gangvegkant og 20 meter til senterlinja til fylkesveg 654 som vist i plan. Endeleg plassering av nye bygg innanfor KS vert godkjent ved byggesaksbehandling etter PBL § 29-4.

Bygningar i formålsområde KS skal ha ei gesimshøgde som ikkje overstig 6.5 meter, målt frå gjennomsnittlig ferdig planert terreng kring bygget

Gang- og sykkelveg (GS)

Eksisterande gang-/sykkelveg er teke med i plan slik denne er opparbeidd. Dette for å sikre samsvar mellom plansituasjon og den faktiske situasjon (fysisk opparbeidde) for gang- og sykkelnettet i området.

Annan veggrunn – tekniske anlegg:

I planforslaget inngår naudsynt areal til grøft mellom gangveg og fylkesveg.

Frisiktsone (H140):

Frisiktsone i vegkryss må ikkje nyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Areal innanfor frisiktsone skal planerast ned til 0,5 m over tilgrensande vegar sitt nivå.

7.4. Parkering

Parkeringsbehovet er føresett dekt på eige areal, jf. kommunen si vedtekt til § 69 nr. 3 og 4 i PBL.

7.5. Tilknytning til infrastruktur

Det er i planframlegget ikkje sett av areal til trafoar, VA-anlegg og andre kommunaltekniske bygg. Men det er i føresegnene opna for at det innanfor byggeområda kan setjast opp mindre nødvendige bygningar til slikt føremål. Slike bygningar skal godkjennast av kommunen.

7.6. Universell utforming

Det vert vist til PBL §§ 1-1 og 29-3, jf. også TEK10. Ein føreset at PBL og TEK10 vert lagt til grunn for gjennomføring av tiltak etter denne planen. Så langt det passar bør vidare formings- /funksjonskrava i TEK10 (Universell utforming) nyttast. Denne planen omfattar bustadtomt som kan byggjast ut med universell standard.

7.7 Estetikk i planområdet

Det er viktig at nye bygg får ei god terrengtilpassing ut frå omsynet til god arkitektonisk utforming, visuell kvalitet og sikkerheit. Det er teke med i føresegnene krav til estetikk og utsjånad for oppføring av nye bygningar. Nye bygningar skal ha ei utforming som speglar dagens arkitektur.

7.8 Born og unge sine interesser

Forholdet til barn og unge er vurdert og ein kan ikkje sjå at område som i dag vert nytta av barn og unge kjem dårlegare ut i forslag til plan enn ved dagens situasjon.

Planen inneberer ei endring av arealbruken for eit område frå forretning til bustad. Det er sett av areal til leik i nærområdet og det er i planforslaget fokus på minste ute opphaldsareal (MUA) som skal tilretteleggast på ein slik måte at det skal kunne brukast av barn- og unge.

7.9 Renovasjon

Det er ikkje lagt til rette for felles oppsamlingspunkt (returpunkt) for avfall for bustadareala innanfor denne planen. Det blir lagt til grunn lokale krav og retningslinjer for handtering av avfall frå interkommunalt renovasjonsselskap.

7.10 Risiko og sårbarheit, ROS

Som del av planprosessen har vi ikkje føreteke målingar v/ bruk av sporingsfilm. Radon er ikkje registrert som eit problem i Herøy tidlegare. Planen har nye område for bustadbygging – område KS. Det er ikkje teke inn i føresegnene krav til måling av radon. Ein viser her til krava i gjeldande teknisk forskrift (TEK 10).

Så langt vi kan sjå av offentlege databaser er det ikkje forhold knytt til risiko eller sårbarheit som skulle tale i mot fremja arealbruk. Det følgjer vedlagt ei generell ROS-vurdering

8. Verknader av planforslaget

8.1 Plangrep

Løysinga inneber ei endring av tidlegare avsett tomt frå forretning til bustadformål (konsentrert – fleirmannsbustader). Dette gjeld utnytting av ei tomt som er omkransa av vegar, med ei utnyttingsgrad på $BYA\% = 40$. Nye bygg skal plasserast innanfor skisserte byggjegrensar mot veg på 5.0 meter frå regulert vegkant.

8.2 Barn- og unge

Det er ikkje regulert inn leikeareal i planforslaget. Dette er føreset teke omsyn til i gjeldande plan – gjennom at det er avsett eit eige areal til leik. Det næraste opparbeidd leikeareal er skuleområdet i Stokksund. Avstand til opparbeidd leikeplass er på om lag 670 meter frå bustadområdet.

Innanfor KS-området er det føresegner som ivaretek barn- og unge sine interesser knytt til uteoppfallsareal. Ei utbygging med opparbeidde uteoppfallsareal som prioriterer barn- og unge sine interesser, blir vurdert til å ha positive verknader for barn og unge, gjennom betre tilrettelegging for denne interessegruppa.

8.3 Universell utforming

Reguleringsføresegnene set krav om at tiltaka skal gjennomførast etter prinsippa om universell utforming, noko som gjeld for alle dei skisserte tiltaka innanfor planområdet.

Slik ein vurderer det, vil planforslaget ha positive verknader i høve universell utforming.

8.4 Naturmangfald og biologisk mangfald

Ein har gjennomført undersøkingar i høve eksisterande kunnskap, i databasen til Direktoratet for naturforvaltning, samt at det også er gjennomført ROS- analyse. Så langt ein kan sjå, vil ikkje planforslaget medføre negative konsekvensar for naturmangfaldet eller kome i konflikt med sårbart biologisk mangfald i området.

8.5. Støy

Støyvurderinga som ligg til grunn er data henta frå Statens Vegvesen. Før utbygging er det sett krav om støyvurdering slik at naudsynte tiltak for desse nye bustader kan kome under Lden 55 dBA.

8.6. Kulturminne

Ingen kulturminne registrert.

8.7 Økonomiske konsekvensar for kommunen

Ingen særskilte. Det regulerte området er hovudsakleg i offentleg (kommunalt) eige.

9. Innkome innspel

Sjå vedlegg for handsaming av innkome merknader ved varsel om oppstart.

10. Vedlegg

1. Varsel om oppstart av planarbeid
2. Innspel til planarbeidet – varsel om oppstart
3. Behandling av innspel til planarbeidet
4. Sjekkliste ROS (FMMR)



Statens vegvesen

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Post nr 2014/1043	Saksbehandler AZT
19 AUG. 2014	
Ansvarlig leder P	
Fakkeleder S	
Juni	Direktør
Kassasjef	

Behandlende eining:
Region midt

Sakshandsamar/innvalsnr:
Hallvard Sæverud - <tomt>

Vår referanse:
2014/080485-002

Dykkar referanse:
2014/1043


Vår dato:
18.08.2014

**Fv 654 - Herøy kommune - Varsel om oppstart av planarbeid -
Reguleringsendring Trolldalen - Gnr. 55 bnr. 19 m.fl. - Uttale**

Viser til varsel i brev av 24.6.2014 frå Herøy kommune om oppstart av reguleringsarbeid
Trolldalen.

Statens vegvesen har ingen merknad til varsla planarbeid.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing


Gitte Beiermann
kst. seksjonsleiar


Hallvard Sæverud

Kopi: Fylkeskommunen
Fylkesmannen

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Fylkeshuset
6404 Molde

Telefon: 02030
Telefaks: 71 27 41 01
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

N V E

Herøy kommune (Møre og Romsdal)
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Vår dato: 22.08.2014

Vår ref.: 201403587-2

Arkiv: 323

Dykkar dato: 24.06.2014

Dykkar ref.: 2014/1043

Sakshandsamar:

Terje Systad

Innspel til oppstart av planarbeid - Reguleringsendring Trolldalen - GBnr 55/19 mfl - Herøy kommune

Vi syner til Dykkar brev dagsett 24.6.2014. Saka gjeld varsel om oppstart for arbeid med reguleringsendring for Trolldalen. Føremålet med reguleringsarbeidet er å omregulere området frå forretning til bustad

NVE har ingen innspel til planarbeidet

Med helsing

Brigt Samdal
regionsjef

Terje Systad
overingeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 08575, Internett: www.nve.no

Org nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Nausdalsvn. 1B
Postboks 53
6601 FØRDE

Region Øst
Vangsvøien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2014/1043	24.06.2014	44306/2014/REGULERINGSPLAN/1515	Johnny Loen, 71 25 82 88	22.08.2014

Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsendring, Trolldalen gbnr 55/19 m fl - fråsegn ved varsel om oppstart

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Oversendingsbrevet frå kommunen gjer godt greie for dei problemstillingane som må drøftast i planprosessen. Vi har ikkje merknader til at reguleringsarbeid vert igangsett, men ser at det kan vere særskilde utfordringar knytt til nærleiken til trafikkert veg som gjer det vanskeleg å innfri krav om gode uteareal.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Ingunn Bekken Sjøholm
Ass. fylkesplansjef

Johnny Loen
Plansamordnar

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her



NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Søre Sunnmøre landbrukskontor

Saksnr
2014/1043

Arkivkode
L12

Dato
25.08.2014

LANDBRUKSFAGLEG UTTALE - REGULERINGSENDRING TROLLDALEN

Ut frå våre ansvarsområde har vi ingen merknad til reguleringsendringa.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg



Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE	
RÅDMANNEN	
2014/1043	Saksnr. A21
27 AUG. 2014	
Ansvarlig	L12
Arkivert	
J nr	Dok nr 6
Kategori	

Herøy kommune
Reguleringsendring Trolldalen gnr55 bnr19 mfl
Fråsegn ved varsel om oppstart av planarbeid

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

GENERELT

Vi er einig i at planarbeidet ikkje utløyser krav til konsekvensutgreiing. Ut frå støytilhøva bør kommunen vurdere på eit tidleg stadium i planlegginga om området er eigna for bustadbygging.

INNSPEL TIL PLANARBEIDET

Samfunnstryggleik

Vi minner om plan og bygningslova sin § 4-3 som slår fast at det må gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og ev. endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging.

Fylkesmannen si sjekklister for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga er eit føremålstenleg verktøy for ROS-analyse i planar av denne storleiken. Sjekklister ligg under Fylkesmannen si heimeside på følgjande nettside: www.fmmr.no/sjekklister.

Barn og unge

Felles avkjørsle skal vere opparbeidd og asfaltert fram til enkelttomter i bustadområde BT2 og BT3. Felles avkjørsle skal ha eige gnr./ bnr. og kvar av tomtene i BT2 og BT3 skal ha tinglyst erklæring slik at kvar bustadtomt blir knytta til ein varig sameiedel i fellesarealet.

§ 17

Frrområde F2 skal etablerast som eit beplantningsbelte mellom forretning/ parkering og tilstøytande areal. Det skal utarbeidast eigen plan for beplantning, og dette område skal ferdigstillast samtidig med parkeringsareal for forretninger.

§ 18

Frrområde F1, F3, F4 skal nyttast til utandørs leik, rekreasjon og sport. Det kan tillast installasjonar for leik og rekreasjon. Utforminga av leikeapparat og arondering av område skal gjerast på ein forsvarleg måte, slik at tryggleiken til brukarane vert sikra.

FAREOMRÅDE

§ 19

Trafokiosk skal plasserast i frrområde F2.

Endeleg plassering må gjerast i samråd med teknisk etat.

Fosnavig 16.10.00.
Svein Gjelseth





**AVTALE MELLOM HERØY KOMMUNE OG ANSVARLEG FOR
BEBYGGELSESPAN FOR KVITHAUGSMYRA, BYGG OG SYSTEM A/S.**

Med sikte på ei nærare klargjering av ein del uklare/mangelfulle tilhøve knytta til føresegnene for bebyggelsesplanen er det semje om slik avtale/felles forståing mellom Herøy kommune og Bygg og System A/S:

1. I byggeområde for frittliggjande busetnad (B), er utnyttingsgraden for B1, B2 og B3 sett til max BYA = 25%.


For B4 er utnyttingsgraden sett til max BYA = 30%

2. For felta BT1-BT3, med unntak av det sørlegaste huset på BT2, er det planlagt oppført og lagt fram teikningar som syner 1 (ei) etg + loft.
3. På område BT1 mot B4 er byggegrensene regulert slik at det gir høve til 6 meter avstand mellom husa. Ei slik løysing betingar bruk av EI 30 brannskillevegg på eitt av husa, med mindre avstanden mellom husa vert auka til min 8 m.

Innhaldet i desse avtalepunkta gjeld i tillegg til dei føresegner som er regulerte i plan- og bygningslova og i bebyggelsesplan for Kvithaugsmyra godkjend 25.04.00.

Fosnavåg den 22.08.00


For Herøy kommune


For Bygg og System A/S

TEGNFORKLARING

PBL. § 25. REGULERINGSFORMÅL

1. BYGGEOMRÅDER

- B** BOLIGER, eneboliger
- BT** BOLIGER, konsentrert utnytting
- HYTTER
- S** FORRETNINGER, KONTOR M.V.
- S** FORRETNINGER, KONTOR M.V., (framtidig)
- O** OFFENTLIGE BYGNINGER
- A** ALMENNYTTIG FORMÅL
- SI** SERVICEINDUSTRI,

2. LANDBRUKSOMRÅDER

- L** JORDBRUK/SKOGBRUK

3. TRAFIKKOMRÅDER (OFFENTLIG)

- KJØREVEG
- GANG- OG SYKKELVEG/FORTAU
- T** TRAFIKKAREAL / PARKERING FORRETNINGER

4. FRIOMRÅDER

- F** PARK, TURVEG, LEKEPLASS
- F** BEPLANTNINGSBELTE MELLOM FORRETNING/BOLIG

5. FAREOMRÅDER

- RAS/FLOM
- TRAFOKIOSK

6. SPESIALOMRÅDER

- BEVARING
- SP** KOMMUNALTEKN. VIRKSOMHET
- PRIVAT VEG

7. FELLESOMRÅDER

- FELLES AVKJØRSEL
- FELLES PARKERINGSPLASS
- FELLES LEKEOMRÅDE


STREKSYSMBOLER M.V.

- PLANENS BEGRENSNING
- GRENSE FOR REGULERINGSFORMÅL
- BYGGEGRENSE
- TOMTEGRENSE
- Z** EKSISTERENDE EIENDOMSGRENSE SOM OPPHEVES
- FRISIKT LINJE
- SENTERLINJE REGULERT VEG
- OMRISS AV PLANLAGTE BYGG
- OMRISS AV EKSISTERENDE BYGG SOM INNGÅR I PLANEN
- VANN

daa = dekar (1000 m²)

MÅLESTOKK: 1:1000 Ekvivalanse: 1 m

0 m 10 m 50 m



REVISJONER

	DATO:	SIGNATUR:
Diverse korrigeringer:	04.06.99	<i>[Signature]</i>
Diverse korrigeringer:	10.08.99	<i>[Signature]</i>
Diverse korrigeringer:	25.08.99	<i>[Signature]</i>
Diverse korrigeringer: Kfr. fax fra Herøy kommune dat. 20.03.00	23.03.00	<i>[Signature]</i>

SAKSBEHANDLING

1. GANGS BEHANDLING I BYGNINGSRÅDET:	
UTLEGGING TIL OFFENTLIG ETTERSYN I TIDSROMMET:	
2. GANGS BEHANDLING I BYGNINGSRÅDET:	
EVT. NYTT OFFENTLIG ETTERSYN:	
KOMMUNESTYRETS VEDTAK: VEDTAK I FAST UTVAL PLANSAKER F-SAK 15/00 25.04.00	
STADFESTET AV:	
ARKITEKT: MURGAARD AS, Boks 7778 Spj.vik, 6022 Alesund, Tlf: 70172110, Fax: 70172121, Epost: murgaard@murgaard.no	

Bebyggelsesplan "KVITHAUGSMYRA", Eggesbønes, HERØY KOMMUNE

FORHANDLER: BYGG & SYSTEM A/S 6090 FOSNAVÅG	TILTAKSHAVER:	DATO: 07.04.99	TEGN: <i>[Signature]</i>
		MÅL: 1:1000	
		SAKNUMMER MURGAARD AS: 1808	PROSJEKT NUMMER: V991808

TEGNINGEN MÅ IKKE KOPIERES ELLER BENYTTES VED UTFØRELSE AV ARBEIDER SOM MURGAARD AS IKKE MEDVIRKER I.



TEIKNFORKLARING:

BL. § 25. REGULERINGSMÅL

- 1. BYGGEOMRÅDE**
- BUSTADBYGG (FELT A-)
 - FORRETNING, KONTOR M.V.
 - INDUSTRI
 - OFFENTLEGE BYGG
 - ALMENNUTTIG FORMÅL
 - BUSTADBYGG U=0.

- 2. LANDBRUKSOMRÅDE**
- JORDBRUK
 - GARTNERI

- 3. TRAFIKKOMRÅDE**
- KØYREVEG, PARKERINGS- Plass M.V.
 - GANGVEG, FORTAU M.V.
 - ANNA TRAFIKKAREAL

- 4. FRIOMRÅDE**
- PARK, LEIK

- 5. FAREOMRÅDE**
- HØGSPENTLINE



- 6. SPESIALOMRÅDE**
- LEPLANTING

§ 26 f. FELLESAREAL

- AVKØYSEL PARKERINGSPLASS M.V.
- LEIKEPLASS

STREKSMBOL M.V.

- REGULERINGSGRENSE
- BYGGEGRENSE
- REG. EIGEDOMSGRENSE
- FRISIKTLINE
- SENTERLINE
- REGULERT VEG
- EKSISTERANDE BYGGMÅL INNGÅR I PLAN
- VATN



REGULERINGSPIL FOR		KARTBLAD:
HERØY KOMMUNE		AK 101-1- 6
EGGESBØNES / SJUKE OG ALDERHEIMS OMRÅDET		
REVISJONAR	DATO	SIGN.
	02.09.85	<i>[Signature]</i>
	06.10.86	<i>[Signature]</i>
	12.12.89	<i>[Signature]</i>
Saksutforming, bustadomr. C.		
JUSTERT BYGGEGRENSE MOT RV 654 TIL 20 METER. TU-SAK 141/89		
§ 6 I REGULERINGSFØRESÆGNE ENDRA I DAME SAK		
SAKSHANDSAMING I FLG. BYGNINGSLOVA		DATO
BYGNINGSRADET SI TT VEDTAK		TU-sak 187/85, 219/86, 27.09.85
OFFENTLEG ETTERSYN I TIOSROMMET		12.11.-03.12.85
KOMMUNESTYRET SI TT VEDTAK		K-sak 195/86
STADFESTA AV		21.11.86
PLANLEGGAR	TEIKN NR.	BLAD NR.
HERØY KOMMUNE		
TEKNISK STAV		
6090 FOSNAVAG		
		OT.



Satsingsområde: Heilskapleg sentrums- og samfunnsutvikling

Fosnavåg er kommunesenteret i ein av dei største fiskeri- og offshorekommunane i landet og skal vere det naturlege sentrum for innbyggjarar i Herøy. Utviklinga av sentrum er avhengig av at bygdene gjer seg attraktive som bustadområde og for at bygdene skal kunne gjere seg attraktive er dei avhengig av eit sentrum som og utviklar seg og har dei tilboda som vert etterspurd. Ein kan ikkje sjå på sentrumsutvikling og samfunnsutvikling som to delte satsingsområde, men at utvikling er fellesnemnaren og at det er to sider av same sak.

Kommunen ynskjer byutvikling og handelsstanden spelar her ei sentral rolle. Handelsstanden er ikkje berre butikkane og vareutvalet, men dei skapar også aktivitet «mellom bygga» i Fosnavåg. Dei fungerer som velferdstilbod og møtestadar i sentrum og det vil vere viktig å ta omsyn til omgjevnadane til butikklokala når ein tenkjer byutvikling og ikkje bygger dei inne, men legg vekt på at handelsstanden får vise sitt innhald ut mot gata.

For samfunnsutviklinga vil det vere viktig for Herøy at ein kan etablere komplementære senter til Fosnavåg. Ein er avhengig av å kunne utvikle Eggesbønes, Myklebust og Mjølstadneset som ein naturleg del av Fosnavåg og Myrvåg bør utviklast som ein satellitt til Fosnavåg som kan dekke basisbehovet til innbyggjarane i indre del av Herøy ved å leggje til rette for sal av detaljhandel og plasskrevjande varer. Kommunen ynskjer at detaljhandel primært skal etablerast i Fosnavåg, men på grunn av mangel på tilgjengeleg areal og funksjonelle bygg ser ein ei stor utfordring når daglegvarebutikkane vert stadig meir arealkrevjande og Fosnavåg ikkje kan tilby slike område. Nasjonale føresegn for sentrumsutvikling seier at ein ikkje skal etablere detaljhandel over 3000m² utanfor sentrum og det same seier den regionale delplan for kjøpesenter. Kommunen meiner ein må sjå på kva fysiske omgjevnadar som dannar sentrum og ta avgjersler lokalt ut frå desse tilhøva. Kommunen støttar prinsippet om at detaljhandel som skaper sentrumsaktivitet skal leggjast til sentrum, men den samla arealbruken i sentrum og tilgjengeleg areal må leggje føringar for utviklinga.

Runde er den mest kjende staden i kommunen i turismesamanheng og kommunen legg til rette for at det kan etablerast turismeretta næringsverksemd i tilknytning til "Fuglefjellet". Kommunikasjonsaksen til Runde er i dag slik at turistane ikkje treng å køyre via kommunesenteret Fosnavåg når dei skal til Runde. Dersom det vart lagt til rette for meir turismeretta verksemd i Fosnavåg kunne det ført til positive ringverknadar som auka omsetting som hadde auka eksistensgrunnlaget til bedriftene i sentrum.

Helse- og omsorgssektoren står ovanfor store oppgåver i framtida då det stadig vert fleire eldre over 80 år som har behov for pleie- og omsorgstenester. Alderssamansettinga i kommunen vil bli endra og kompleksiteten i oppgåveløysninga vil auke og det må i større grad utviklast tenester som støttar opp under førebygging, tidlig innsats og rehabilitering. I tillegg vil samhandlingsreforma, den generelle samfunnsutviklinga og den medisinske utviklinga gi kommunen nye oppgåver også for yngre aldersgrupper. Kommunen må planlegge for ein kapasitetsauke både når det gjeld personell og bygningsmessige ressursar.

Herøy skal vere ein trygg kommune for alle som bur og oppheld seg i kommunen, og kommunen skal ha god beredskap mot aktuelle kriser og uønska hendingar gjennom utarbeiding av overordna risiko- og sårbarheitsanalyser, beredskapsplanar, kriseplanar og generell beredskap i kommunen. Kommunen vil også ved detaljreguleringar vurdere potensiell fare gjennom konsekvensutgreiing eller risiko- og sårbarheitsanalyser.

I Herøy har *Herøy Næringsforum* vore ein aktiv pådrivar for prosjekt og tiltak som vil gje positive ringverknadar i lokalsamfunnet på kort og lang sikt. Gode dømer på slike prosjekt er Sunnmørsbadet, konsertsal, kino og nytt hotell som alle vil stå klare i 2014. Næringslivet har såleis gjort store grep og til slutt vil det vere fleire tilbod til innbyggjarane i Herøy. Bakgrunnen for at næringslivet bidreg i så stor grad i samfunnsutvikling er eit ynskje om å styrke humankapitalen i kommunen og dette fører til at kommunen må leggje til rette for bustadutvikling og næringslivsvekst i heile kommunen.

Kommunen har svært mange område som fell inn under definisjonen «strandsone». Herøy er ei kommune med ei sterk maritim historie og dette medfører mange områder med sterke



Kommuneplanen for Herøy 2013-2025, samfunnsdel

nausttradisjonar i dei ulike bygdene. Kommunen ser likevel at bruken av nausta har endra seg frå den tradisjonelle bruken med oppbevaring av båt, fiskevegn og anna fiskerelatert utstyr til opphald og overnatting. Bruken har endra seg i retning av at naustet i dag er ein stad der ein kan tilbringe fritid og feriar. Kommunen ynskjer å hindre i «bit-for-bit»-nedbygging av strandsona til ulike føremål gjennom å sette av areal til naust, fritidsbustadar og næring der det allereie er etablert denne type tiltak.

Sjøbuder har i lange tider vore eit utbreitt innslag langs kysten på vestlandet som har vore brukt både ved lossing av fisk og bøting av garn og fiskevegn. Denne bruk av sjøbuder er ikkje lenger aktuell då fiskebåtar i dag lossar ved større fiskemottak og får garn og fiskevegn ved egne notbøteri. Kommunen har derfor fleire område med gamle sjøbuder som står til forfall der ein må finne ein ny bruk for desse slik at vi kan halde på dei unike sjøbudmiljøa som representerer historia til Herøy.

Dei seks gjennomgåande perspektiva, universell utforming, folkehelse, barn og unge, likestilling, verdiskaping og miljø og klima skal medverke til heilskapleg planlegging og tverrfagleg arbeid på tvers av satsingsområda og på tvers av sektorane.

Målsettingar for Herøy kommune:

- Herøy kommune skal levere tenester med god kvalitet til alle sine innbyggjarar.
- Fosnavåg skal vere eit naturleg sentrum for innbyggjarane i Herøy med dei tilboda som innbyggjarane etterspør.
- Myrvåg skal utviklast til å vere ein satellitt til Fosnavåg og dekkje basisbehovet til innbyggjarane i indre del av Herøy.
- Kommunen skal leggje til rette for bustadutvikling i heile kommunen.

Strategiar for at vi skal nå målsettingane:

- Kommunen vil at Eggesbønes og Myklebust skal utviklast som ein del av Fosnavåg.
- Kommunen vil arbeide for å ha tilstrekkeleg kommunal bygningsmasse tilgjengeleg.
- Kommunen ynskjer næringsverksemd retta mot turisme i Fosnavåg.
- Kommunen vil leggje til rette for detaljhandel og plasskrevjande varer i Myrvåg.
- Kommunen ynskjer at det vert etablert område for fritidsbustadar med tilknytning til sjøen.
- Kommunen vil leggje til rette for auka bustadbygging i heile kommunen.

Satsingsområde: Infrastruktur

Med omgrepet *Infrastruktur* meiner vi det som tradisjonelt kallast teknisk infrastruktur. Med *infrastruktur* meiner vi derfor strukturen av faste anlegg som er grunnlaget for at eit lokalsamfunn kan fungere, som til dømes vegsystem til lands, hamner og farleier til sjøs, vassforsyning, avlaupsnett, straumnett og tele/fibernet. Sosial infrastruktur fell ikkje inn under vår bruk av omgrepet.

For eit lokalsamfunn som Herøy er den daglege mobiliteten strategisk viktig for dei busette i kommunen. Kommunikasjonsaksane inn og ut av kommunen og i regionen bør samsvare best med aksane som styrkar komplementariteten for kommunane. Sagt på ein annan måte så bør ein styrkje kommunikasjonen mellom dei kommunane som utfyller kvarandre best og gjere det lettare å pendle mellom kommunane. Herøy kommune støttar arbeidet med *Kyststamvegen* og ein ferjefri E39 og meiner dette vil blant anna utvide regionale arbeidsmarknadar og vidareutvikle ein robust region med eit næringsliv i verdsklassa.

Gode vegsamband i kommunen, mellom kommunane og i regionane vil vere med på å skape ein meir attraktiv arbeid-, bu- og serviceregion på Søre Sunnmøre. Herøy kommune ser derfor nytta av å samarbeide i kommunale og interkommunale prosjekt for å fremje vegsamband som vil betre kommunikasjonen i kommunen og i regionen.

Herøy er utfordra når det gjeld kollektivtransporten i kommunen. Kollektivtransporten er avgjerande for busette og reisande som ikkje har andre tilbod og ein må gjere kollektivløysingane så attraktive og tilgjengelege at fleire vel kollektive løysingar då dette er eit miljøvenleg og framtidsretta alternativ. Med dette som bakgrunn må derfor kommunen søkje å leggje til rette for bustadar i nærleiken til fylkesvegar og kommunale vegar for å støtte grunnlaget for kollektivtrafikk i kommunen.

Herøy er ein langstrakt kommune med fleire øyar som er knytt saman med bruer. Fleire av bruene i kommunen er gamle og byr på utfordringar med dagens trafikksituasjon. Kommunen må arbeide for at



Kommuneplanen for Herøy 2013-2025, samfunnsdel

regionale myndigheter startar reguleringsarbeid for å ruste opp dei bruene som er i dårlegast stand og som utgjer flaskehalsar for trafikken

Kommunen har saman med Fylkeskommunen og Statens vegvesen ansvar for å planlegge gode og trygge gangvegsamband i kommunen og særleg i tilknytning til skulane. Kommunen vil sette fokus på trygge gang- og sykkelveggar, særleg mot skulane, i komande planperiode.

Kommunen har hurtigrutekai i Torvik og dette er eit viktig knutepunkt både for turistar og andre reisande. Hurtigruta kan vere ein god alternativ reisemåte for utflytta Herøyværingar som bur i Bergen og Trondheim og det vil vere viktig for kommunen å halde på den attraksjonen som Hurtigruta er i dag.

Dei seks gjennomgåande perspektiva, universell utforming, folkehelse, barn og unge, likestilling, verdiskaping og miljø og klima skal medverke til heilskapleg planlegging og tverrfagleg arbeid på tvers av satsingsområda og på tvers av sektorane.

Målsettingar for Herøy kommune:

- Fosnavåg som kommunesenter skal styrkast.
- Kommunikasjonsaksar i kommunen og mot nabokommunane skal betrast.
- Kollektivtilbod i kommunen skal styrkast.
- Kommunen skal ha trygge vegsamband på land og farleier til sjøs.
- Kommunen skal ha offentleg avlaupsnett knytt til dei større bustadsentera.

Strategiar for at vi skal nå målsettingane:

- Kommunen vil arbeide for trygge farleier med gode hamner.
- Kommunen vil arbeide for framtidretta kryssingar av fjordane.
- Kommunen ynskjer at vegstandarden i kommunen skal vere god.
- Kommunen vil samarbeide med nabokommunane om felles prosjekt som fremjar kommunikasjonen mellom kommunane.
- Kommunen vil arbeide for ei realisering av ein ferjefri kyststamveg.
- Kommunen ynskjer at det etablerast gangstiar som fremjar folkehelsa.
- Kommunen ynskjer å skape ei kopling mellom Vågsholmen og sentrum.
- Kommunen ynskjer at bustadar, skular, trafikkgenererande næring vert etablert i tilknytning til eksisterande kollektivtrasear i kommunen.


Satsingsområde: Kompetanse og næringsutvikling

Herøy kommune har færre innbyggjarar med universitets- og høgskuleutdanning samanlikna med fylket og landet. Dette er ei utfordring når både det offentlege og det private næringslivet etterspør formal kompetanse til sine stillingar. Nye arbeidsplassar vert, uansett kvar dei er lokalisert, stadig meir kompetanseintensive.

Herøy har ein stor del utanlandsk arbeidskraft som arbeidar i kommunen innan fleire ulike fagfelt. Då lønsnivået i Noreg ligg høgare enn andre land i Europa ser ein at arbeidsinnvandrarar med kompetanse frå heimlandet tek jobbar som ikkje krev utdanning i Noreg då dei tenar betre som ufaglært arbeidskraft enn dei ville gjort innan sitt fagfelt i heimlandet. Kommunen har kompetansen tilgjengeleg i kommunen, men som kanskje ikkje vert nytta til det fulle på grunn av utfordringar knytt til språk eller kjennskap til miljøa. Det kan liggje ein ressurs i tilflyttarar innan til dømes utdanning og ingeniørkompetanse etc.

Næringslivet er skildra som sterkt, solid og internasjonalt orientert, med fleire vitale og vekstkraftige forretningsmiljø knytt til akvakultur, fiskeri, offshoreverksemd, marin næring, maritim industri og shipping. Slik næringslivet utviklar seg vil det vere behov for fleire landbaserte jobbar i dei ulike bedriftene både innanfor dei tradisjonelle STEM-faga (Science, Technology, Engineering and Mathematics) og innanfor administrasjon og leiing.

Herøy kommune er saman med 11 andre kommunar på Sunnmøre ein del av ei samanhengande kjede av maritim verksemd som vert kalla *Maritimt Møre*. Kommunane som er ein del av *Maritimt Møre* er Vestnes, Haram, Sula, Giske, Ålesund, Volda, Ørsta, Hareid, Ulstein, Herøy, Sande og Vanylven og det er her den maritime klynga har sitt tyngdepunkt. Den maritime klynga på Sunnmøre har eit breitt samansett næringsliv med ulike typar kundar og næringsorientering som nyt godt av samspeleffektar,





HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2013/634
		Arkiv:	210

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
163/14	Formannskapet	14.10.2014

FORSKOTTERINGAR PER 30.09.2014

Tilråding frå rådmannen:

Orienteringa vert teken til vitande.

Særutskrift:

Vedlegg:

Saksopplysningar:

Herøy kommune har i mange år hatt eit nært og godt samarbeid med lag og organisasjonar for å få gjennomført prosjekt som har gagna samfunnet. I dei siste par åra har dette samarbeidet også blitt utvida til å gjelde verksemder der kommunen også har hatt eit eigarforhold i.

Det har bl.a. blitt gjort gjennom forskotteringar av tippemidlar, og i det siste også mva kompensasjon og konserthusmidlar.

Kommunen sine finansieringar av desse forskotteringane har tradisjonelt sett skjedd ved bruk av ubundne investeringsfond. Faktisk har denne bruken blitt så stor i 2014 at den overgår inneståande på desse balansekontoane.

For å få dette i balanse til årsskiftet er kommunen avhengig av å selje aktiva ein ikkje har budsjettert med sal av. Det gjeld bl.a. bustadtømter, industritømter, bustadhus, aksjar i Tussa AS med meir.

Forskotteringane gjeld:

Tjørnvåg Idrettslag (tippemidlar):	kr 788.000,-
Bergsøy IL (mva komp og tippemidlar):	kr 3.776.650,-
Sunnmørsbadet AS (tippemidlar):	kr 12.000.000,-
Gurskøy IL (tippemidlar)	kr 1.000.000,-
Fosnavåg Konserthus AS (konserthusmidlar)	kr 500.000,-
Totalt forskottert:	kr 18.064.650,-

Alle desse forskotteringane har blitt utgiftsført mot ubundne kapitalfond (det har også kommunens aksjeinvesteringar i Sunnmørsbadet AS og Fosnavåg Konserthus AS blitt.)

Etter det vi kjenner til vil tippemidlane til Tjørnvåg IL forhåpentlegvis bli betalt ut i 2014. Bergsøy IL har fått godkjent ein refusjon på om lag 58% av momskompensasjonen som gjeld bygging av klubbhus. Det utgjer om lag kr 1.000.000,- og også det voner ein vert innbetalt i 2014. Bergsøy IL må i tillegg betale inn ti Herøy kommune den delen av mva forskotteringa som dei ikkje får refundert med staten. Krav her vil bli sendt ut så snart staten si utbetaling ligg føre og ein veit differansen mellom forskottert sum og utbetalt sum. Det er også å håpe at forskotterte konserthusmidlar blir betalt ut til Herøy kommune i 2014.

Konklusjonen er at Herøy kommune voner at om lag kr 2.300.000,- av ovannemnde forskotteringar blir utbetalt i 2014 og som igjen vil gå til å styrke dei ubundne kapitalfonda.

Når det gjeld dei andre prosjekta (tippemidlar) er det normalt at desse vert betalt ut over 3 år (kvart prosjekt). Det vil seie at siste rest av dei forskotterte midlane først blir betalt attende til Herøy kommune i 2018.

Herøy kommune har også forskottert RDA midlar til nokre mindre prosjekt som t.d. Sandhandballbana og Tennisbana ved kulturhuset og Heid tursti. Dette er forskotteringar som blir gjort opp innan årsskiftet og vil vere med å betre likviditeten (ikkje styrke dei ubundne kapitalfonda) med om lag kr 1.000.000,- mill kr.

Herøy kommune kan såleis ikkje nytte ubundne kapitalfond til å finansiere investeringsprosjekt før fonda igjen er «likvide».

I tillegg til ovannemnde har Fosnavåg Konserthus søkt om ei total forskottering på kr 2.000.000,- (kr 1.500.000,- meir enn det ein hittil har betalt ut) og Tjørvåg IL har også søkt om ei forskottering av tippemidlar på om lag kr 900.000,-.

Vurdering og konklusjon:

Konsekvensar for folkehelse:

Både idrettstilbod og kulturtilbod vil vere eit pluss for trivsel og folkehelse.

Konsekvensar for beredskap:

I prinsippet ingen

Konsekvensar for drift:

For alle kommunale prosjekt vert det ein driftskonsekvens, men den kjem ikkje pga forskotteringane men heller pga av evt driftsavtaler som vert inngått.

Konsekvensar for økonomi

Denne konsekvensen er todelt. Forskotteringane gjer at likviditeten til kommunen blir dåregare samt at samla netto finanskostnadar vil auke.

I tillegg til ovannemnde er kommunen sine ubundne kapitalfond negative noko som gjer at ein i ei lang periode vil måtte bruke driftsmidlar om ein skal investere i formuesgoder som ikkje kan lånefinansierast.

Fosnavåg, 01.10.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Geir Egil Olsen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2013/634
		Arkiv:	210

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
164/14	Formannskapet	14.10.2014

HERØY KOMMUNE SIN LIKVIDE SITUASJON PER 30.09.2014

Tilråding frå rådmannen:

1. Den likvide situasjonen til Herøy kommune vert teken til vitande
2. Rådmannen får fullmakt til å selje seg ned i aktiv forvaltning med inntil 30,0 mill kr.
3. Fram til 31.12.2014 har ein høve til å investere inntil 40% av midlane i aksjar.

Særutskrift:

- Vest Kontroll IKS
- Søre Sunnmøre Kommunerevisjon
- Avdelingane, her

Vedlegg:

Saksopplysningar:

Herøy kommune sin likviditet har stadig blitt dårlegare i 2014.

Det er mange grunnar til dette som t.d.:

- Aksjekjøp (Sunnmørsbadet AS og Fosnavåg Konserthus AS)
- Store forskotteringar (sjå eiga sak)
- Stor investeringstakt som gjer at unytta lånemidlar blir redusert
- Midlar plassert til aktiv forvaltning samstundes som dei bundne og ubundne fonda minkar
- Svikt i skatteinntektene sett i høve til budsjett

Per 30.09.2014 brukte Herøy kommune om lag 4,6 mill kr av trekkretten i Danske Bank. I Sparebanken Møre og Nordea har kommunen per i dag ingen midlar.

Oktober er ein måned der kommunen får om lag 21,0 mill kr i rammetilskott. I tillegg kjem det ei restutbetaling frå septemberskatten på om lag 4,0 mill kr. Skatteinntektene i oktober er små då det ikkje er ein oppgjersmånad. Elles forfell kommunale avgifter for 2 termin til betaling 20.10. Det saman men andre brukarbetalingar som forfell i oktober vil tilføre kommunen melom 7,0 og 8,0 mill kr.

Av større utbetaling i oktober kjem lønn og sosiale kostnadar med om lag 35,0 mill kr. I tillegg kjem utbetalingar til private barnehagar (nær 12,0 mill kr) og normale kostnadar knytt til drift og investering som ein ikkje kan talfeste nøyaktig.

I november får kommunen både skatteinntekter og rammetilskott som samla sett vil utgjere i overkant av 60,0 mill kr. I desember derimot er skatteinntektene minimale og kommunen får heller ikkje rammetilskott (fordelt over 10 mnd).

Om kommunen ikkje skal kome i likvide vanskar i tida som kjem er ein avhengig av å realisere aksjar og obligasjonar som vi har plassert i aktiv forvaltning. Ein kan også betre likviditeten ved sal av fast eigedom og andre aksjar (som t.d. Tussa AS).

Per 30.09.2014 har vi verdjar på nær 23,0 mill i aksjemarknaden og om lag 64,0 mill plassert i obligasjonar. I tillegg hadde ein kontantar disponibelt på om lag 6,0 mill kr.

I vårt finansreglement kan vi ha plassert inntil 30% i aksjar. Per 30.09 utgjorde aksjedelen om lag 25,0%. Sist veke fekk vi ein stor korrigering i aksjemarknaden bl.a. pga lav økonomisk vekst i Kina og synkande prisar på olje og andre naturressursar. Slik sett kan vi gå på eit tap om vi realiserer for mykje av aksjeporteføljen vår på kort sikt.

Vurdering og konklusjon:

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen spesiell.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen spesiell

Konsekvensar for drift:

Når likviditeten vert forverra vert også finansinntektene redusert. Det vil i første rekke få betydning for 2015 og dei resterande åra i økonomiplanperioden. Det er vel også slik at handlefridomen til kommuna etter kvart blir redusert og ein kan ikkje lenger vere så rause med forskotteringar av mva/tippemidlar som ein har vore. Også nye kjøp av aksjar må ein avvente framover fordi ein ikkje har fonds ein kan bruke til slik finansiering.

Fosnavåg, 04.10.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Geir Egil Olsen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen

Delegerte saker frå avdelingane

DS 37/14 Søknad om å ta skjenkeløyve ut av lokalet/ utvida skjenketid for én bestemt anledning (lukket og åpent arrangement) 30.09.2014 00:00:00 MADELYNN COFFEE Strand

DS 38/14 Skjenkebevilling - søknad om bevilling for én bestemt anledning (lukket og åpent arrangement) 26.09.2014 00:00:00 KVALSVIK BJARNE

Referatsaker

Referatsaker

R- full



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE	
RADMANNEN	
2014/536	Saksbeh. OJK
- 3 OKT. 2014	
N33	
	Dok nr 3

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		57077/2014/N34	Magne Hanestadhaugen, 71258665	10.09.2014

Høyring i samband med konkurranseutsetting av hurtigbåtsamband i Møre og Romsdal

Generelt

Denne høyringa omfattar dei fire hurtigbåtsambanda Hareidruta, Langevågsruta, Nordøyruta og Romsdalsruta. Dagens avtale for desse sambanda går ut 31. desember 2016, og Møre og Romsdal fylkeskommune tek sikte på å lyse ut nytt anbod ved årsskiftet 2014/15. Fylket sitt hovudmål for samferdsel er å fremme regional utvikling og robuste bu, arbeids og serviceregionar gjennom å tilby eit effektivt tilgjengelig, sikkert og miljøvenleg transportsystem.

Hurtigbåtrutene er ein viktig del av kollektivtransporten i fylket. Korresponderande bussruter knyter hurtigbåtrutene til viktige målpunkt for dei reisande. Hurtigbåtrutene er ein del av den samla infrastrukturen, og må endrast i takt med endringar i den øvrige infrastrukturen og andre kollektivtilbod.

Samferdslesektoren i fylket vårt har store utfordringar. Vedlikehalds- og investeringsbehovet i vegnettet er stort. Trafikken aukar og dette medfører auka kostnader. Kostnadene er høgare enn forventa i nye kontraktar i ferje- og hurtigbåttrafikken, samstundes som overføringane frå staten ikkje fangar opp denne kostnadsauken. Dei fire hurtigbåtrutene har i dag ein samla driftskostnad på om lag 70 mill kr. Kort oppsummert må driftsutgiftene i hurtigbåttrafikken, og dermed også tilbodet, tilpassast innanfor dei økonomiske rammene. Passasjertala vil bli tillagt stor vekt i tilpassinga. Passasjertal basert på manuelle teljingar i veke 38 2014 er lagt ved. Statistikk frå 2013 og 2014 frå billettsystemet er også analysert, og viser at den aktuelle veka er representativ.

Hurtigbåt er den minst miljøvenlege formen for kollektivtransport. Utsleppa frå dei fem hurtigbåtrutene i fylket vårt er på over 20 000 tonn CO2 per år. Det er meir enn for den samla busstrafikken i fylket. I samband med denne anbudsutlysinga vil fylket vurdere fleire tiltak som til dømes teknologi, produksjon, fart, og størrelse på farty for å redusere utsleppa frå hurtigbåttrafikken, jf. måla i fylkeskommunens Regional delplan for klima og energi.

Hareidruta

Ruta Hareid-Valderøy-Ålesund har 16 avgangar i kvar retning på kvardagar, 9 på laurdagar og 10 på søndagar og avgangane med flest reisande vert utført med ein båt som tek 296 passasjerar. Ruta har gode busskorrespondansar frå tettstadane på Søre Sunnmøre og til Ålesund flyplass Vigra. Ruta korresponderer óg med ein del av TIMEkspresen sine avgangar frå Ålesund.

Ruta har 1300 reisande på ein vanleg kvardag. Avgangen frå Hareid klokka 07:25 representerer trafikktoppen, med 220-250 passasjerar. Om lag 25% av reisene går til/frå Valderøya. Prognosane viser ein folketalsvekst på 9% på ytre Sunnmøre dei komande 10 åra.

Enkelte kveldsavgangar og laurdags- og søndagsavgangar har lågt passasjertal. Det er desse avgangane som vil bli vurdert i samband med ein mindre reduksjon i tilbodet. Samstundes er det viktig å oppretthalde gode samband med fly og buss i begge endar av ruta.

Langevågsruta

Ruta Langevåg-Ålesund har 20 avgangar i kvar retning på kvardagar og 8 på laurdagar. Ruta er i dag planlagt for eit farty for 120 passasjerar. Ein del avgangar korresponderer med buss i Langevåg, og i Ålesund har ruta kai på rutebilstasjonen kor dei lokale bussrutene og flybussen stoppar.

Ruta har i overkant av 700 reisande på kvardagar. Dei fleste reiser i rushtidene. Laurdagsavgangane og dei siste avgangane om kvelden vil bli vurdert i samband med ei tilpassing av tilbodet. Ruta har i dag ikkje stiv rutetabell eller faste avgangstider. Fylkeskommunen vil straumlinjeforme tilbodet noko meir, med tilhøyrande busskorrespondansar i Langevåg.

Nordøyruta

Ruta Nordøyane-Ålesund har 5 avgangar i kvar retning på kvardagar, den eine betener berre strekninga Ålesund – Haramsøya. Det er 3 avgangar til Ålesund på laurdagar, og 2 ut til øyane. Søndagar er det motsett. I tillegg er det ein avgang søndag føremiddag mellom Hamnsund i Haram og Ålesund og ein kveldsavgang mellom Haramsøya og Ålesund onsdagar.

Ruta har om lag 350 reisande per kvardag. Båten som trafikkerer strekninga tek 120 passasjerar. På det meste vart det registrert 92 passasjerar på 06:20-avgangen til Ålesund. 80% av reisene er til/ frå Ålesund. Haramsøya har flest på- og avstigningar av kaiene undervegs. Hamnsund har om lag like mange reisande. Ruta har busskorrespondansar på ein del av avgangane.

Onsdagsavgangen kl. 18:50 til/frå Haramsøya og avgangen til/frå Hamnsund søndag føremiddag har få passasjerar. Med dette utgangspunktet kan det vere aktuelt å gjere mindre innsparingar og endringar i ruta.

Dagens driftstilskot på ruta inngår i finansieringa av Nordøyvegen og ruta skal leggjast ned når vegen opnar. Dette vil bli teke inn som eit atterhald i anbudsdokumenta og kontrakten frå 2017.

Romsdalsruta

Ruta Vikebukta-Helland-Molde har 10 avgangar i kvar retning på kvardagar, 11 på torsdagar og 3 på søndagar, og vert utført med ein båt som tek 150 passasjerar. Ruta har enkelte busskorrespondansar med lokalruter i Vestnes/ Rauma og nokre av TIMEkspressen sine avgangar.

Ruta er ei utprega pendlarrute med 140-150 passasjerar på 07:30-avgangen frå Helland og 120 på 15:25-avgangen frå Molde. Om lag 75% av passasjerane er skuleelevar, og desse to avgangane står for halvparten av reisene i ruta. Avgangane midt på dagen og dei siste avgangane har få passasjerar. Søndagsavgangane har varierende passasjertal.

Når Tresfjordbrua står ferdig hausten 2015 blir avstanden mellom Helland og Vikebukta redusert frå 24 til 5 km. Den reduserte reisetida vil gjere det attraktivt for fleire å reise via Vestnes til Molde. Parkeringskapasiteten på Furneset er ei sannsynleg utfordring. Det er samstundes vanskeleg å forutsjå alle endringane i trafikkmønster som vil kome som følgje av Tresfjordbrua og Vågstrandtunnelen. Det går ferje kvar halvtime mellom Vestnes og Molde. Kvar ferje har ein kapasitet på 394 passasjerar og 124 bilar. Passasjerkapasiteten er sjeldan fullt utnyttat, medan talet på attståande bilar er aukande og på eit nivå som krev tiltak. Statens vegvesen har difor planer for eit utvida ferjetilbod på strekninga Molde – Vestnes, som inneber fleire avgangar i rushtidene.

Hurtigbåttilbodet må endrast i takt med endringar i infrastrukturen. I eksisterande avtale er det difor teke atterhald om å legge ned Romsdalsruta når brua opnar.

Fylkeskommunen ønskjer primært å erstatte ruta med eit solid og effektivt busstilbod Vikebukta – Helland – Furneset i korrespondanse med ferja. Denne ruta vil bli tilpassa skuletidene og gje eit tilbod til elevane ved Gjermundnes vidaregåande skule. Også rutene frå Rauma, Fiksdal/Rekdal og Tresfjord vil gå både til Helland og Furneset. Det er vert også vurdert å køyre gjennomgåande skulebuss til Romsdal vidaregåande skule.

Alternativt kan det være aktuelt å oppretthalde ruta Helland – Molde i rushtid med bussamband Vikebukta – Helland over brua. Om lag 80% av reisene foregår i rushtidene. Det vil bli teke atterhald om mogleg nedlegging dersom reisemønsteret etter opninga av brua tilseier det.

Høyringsfrist

Møre og Romsdal Fylkeskommune ønskjer med dette å få inn innspel og synspunkt til utforming av det framtidige hurtigbåttilbodet. Det kan til dømes vere innspel på endring av rutetid, frekvens, kapasitet og innsparringstiltak. Vi ber kommunane om å involvere organisasjonar med spesiell interesse for rutetilbodet i samband med høyringssvaret. Høyringsfrist er 10.11.2014.

Med helsing



Arild Fuglseth
samferdselssjef



Stig Helle-Tautra
seksjonsleder

Vedlegg: Møteinnkalling i samband med høyring

R-fsk



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
2014/536	Saksbeh. OJK
- 3 OKT. 2014	
Ans.kode P	N33
Ans.kode S	
Fnr	2
Kategori	

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		57077/2014/N34	Magne Hanestadhaugen, 71258665	10.09.2014

Møteinvitasjon i samband med høyring

INVITASJON TIL MØTE I SAMBAND MED HØYRING

Møre og Romsdal fylkeskommune inviterer til møte for å diskutere det framtidige tilbudet i hurtigbåttrafikken på Sunnmøre jf. høyringsbrev.

Møtet blir halde på Hotell Radisson i Ålesund torsdag 23. oktober kl. 12:30 – 15:30.

Frå fylkeskommunen deltek rådgivarane Anne Kari Bakke, Benedicte Bjerkvik, Magne Hanestadhaugen, Svein Ivar Aarskog, Odd Steinar Åfar Viseth og seksjonsleiar Dag Hole.

Kvar kommune kan delta med inntil 2 personar. Kommunane som ønskjer å delta i møtet, førebur ein presentasjon på maksimalt 5 minutt med synspunkt på hurtigbåttilbodet med utgangspunkt i signala i høyringsbrevet.

Med helsing

Stig Helle-Tautra
seksjonsledar

Magne Hanestadhaugen
rådgivar

Passajertall veke 38 2014

Rute 05 Hareid - Valderøy - Ålesund

Frå Hareid	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Gjennomsnitt
* 04:55	9	7	6	3	25	10
05:45	36	41	52	45	34	42
07:25	253	216	214	206	137	205
08:30	59	88	54	73	48	64
09:30	15	27	23	35	22	24
10:30	34	27	17	25	29	26
11:30	19	20	32	21	15	21
12:30	33	54	24	35	31	35
13:30	19	30	26	35	8	24
14:30	53	45	33	49	38	44
16:00	65	73	80	65	74	71
17:00	34	43	30	41	57	41
18:00	20	20	15	12	25	18
19:00	23	18	10	11	22	17
21:00	32	15	22	8	12	18
23:00	3	0	4	3	2	2
						<hr/>
						662
						<hr/> <hr/>
						Laurdag
08:30						11
10:30						12
11:30						19
12:30						46
14:30						13
15:30						18
16:30						26
19:00						13
21:00						4
						<hr/>
						162
						<hr/> <hr/>
						Søndag
09:30						4
10:30						7
12:30						32
15:30						62
17:30						39
18:30						23
19:30						7
20:30						19
21:30						4
22:30						1
						<hr/>
						198
						<hr/> <hr/>

Passajertall veke 38 2014

Rute 23 Langevåg - Ålesund

Frå Langevåg	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Gjennomsnitt
06:50	22	27	32	23	22	25
07:30	70	68	69	66	63	67
07:50	85	97	91	85	88	89
08:10	30	26	21	32	21	26
08:35	15	17	16	19	26	19
09:15	14	16	14	23	12	16
09:45	18	15	12	7	6	12
10:30	10	5	4	10	8	7
11:00	14	17	12	8	10	12
12:00	8	11	8	3	8	8
12:50	10	12	12	12	16	12
14:00	8	10	9	9	10	9
14:30	9	6	7	9	5	7
15:00	12	10	4	11	10	9
15:30	16	14	5	7	11	11
16:00	10	8	8	12	10	10
16:30	14	7	9	9	8	9
17:00	8	10	3	6	9	8
17:30	6	4	17	10	6	8
18:30	5	6	14	8	10	9
20:00		6		6		3
						<u>376</u>

Laurdag

09:30	10
10:30	8
11:30	9
12:45	4
13:15	14
14:30	20
15:00	7
16:00	12
	<u>84</u>

Frå Ålesund	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Gjennomsnitt
07:15	10	12	11	6	8	9
07:40	6	2	5	5	4	4
08:00	10	8	7	2	3	6
08:20	5	6	4	1	5	4
09:00	8	6	5	8	6	7
09:30	4	5	2	9	3	5
10:15	10	6	8	12	14	10
10:45	6	10	3	6	8	7
11:45	12	12	13	12	10	12
12:30	10	16	12	16	18	14
13:50	35	17	22	38	49	32
14:15	14	15	10	14	17	14
14:45	25	17	33	11	15	20
15:15	47	64	56	76	23	53
15:40	67	48	49	50	29	49
16:15	70	62	52	48	55	57
16:45	10	10	14	7	9	10
17:15	12	19	17	14	18	16
18:15	18	12	12	8	11	12
19:10		6		7		3
20:10	8	12	10	12	12	11
						<u>355</u>

Laurdag

09:45	7
11:15	20
11:45	10
13:00	2
14:15	12
14:45	4
15:15	10
16:15	18
	<u>83</u>

3800 reisande i veke 38

Passajertall veke 38 2014

Rute 24 Ålesund - Nordøyane

Mot Ålesund	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Gjennomsnitt
06:20	99	91	100	86	75	90
09:05	14	14	15	11	12	13
11:50	34	22	24	22	24	25
15:20	14	17	21	28	27	21
17:30	16	22	15	17	11	16
19:20			8			2
						<u>168</u>
						Laurdag
09:00						16
11:50						11
16:25						10
						<u>36</u>
						Søndag
*11:25						4
14:45						17
18:20						30
						<u>50</u>
Frå Ålesund	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Gjennomsnitt
07:50	23	23	27	28	22	25
10:30	7	7	13	7	12	9
14:30	25	36	39	22	47	34
16:10	85	71	99	77	67	80
18:50			8			2
20:30	23	17	21	18	20	20
						<u>169</u>
						Laurdag
10:30						11
15:05						21
						<u>32</u>
						Søndag
*11:05						19
13:25						13
17:00						15
20:30						<u>47</u>

* Avgangen 11:05 og 11:25 er registrert under eitt

Laurdags- og søndagstala og fredagsavg. kl 16:10 og 17:30 er frå mars 2014.

Tala viser antall passasjerar per tur. Avgangen 06:20 har flest passasjerar, 100 på den aktuelle onsdagen. På grunn av avstigningar undervegs, er det ikkje meir enn 92 om bord samstundes. 1800 passasjerar i veke 38.

Passajertall veke 38 2014

Rute 39 Molde - Helland - Vikebukt (- Sekken)

Frå Vikebukt/Helland	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Gjennomsnitt
FRÅ VIKEBUKT/ SEKKEN 06:10	16	15	20	15	19	17
07:20	147	144	147	144	136	144
08:25	28	33	20	29	21	26
09:40	12	15	8	13	8	11
10:40	10	19	12	8	9	12
13:00	9	9	12	9	12	10
14:50	29	20	42	32	40	33
15:55	16	21	14	17	14	16
17:00	3	1	5	4	2	3
18:05	3	1	1	3	1	2
19:45				1		1
						<u>275</u>
						Søndag
16:40						11
18:25						4
20:25						3
						<u>18</u>

Frå Molde	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Gjennomsnitt
05:45	1	0	0	0	0	0
06:50	14	16	16	17	16	16
07:55	16	15	40	18	12	20
09:10	14	6	4	4	3	6
10:10	4	2	3	6	8	5
12:30	14	20	10	20	13	15
14:20	37	36	32	33	58	39
15:25	108	125	108	110	123	115
16:30	42	42	41	48	32	41
17:35	17	9	17	21	7	14
19:15				13		3
						<u>274</u>
						Søndag
16:15						3
18:00						20
20:00						12
						<u>35</u>

130 000 passasjerer per år

12% av reisene går mellom Vikebukt og Helland, 88% over fjorden.

63% av reisene til/frå Molde kjem frå Helland, 37% fra Vikebukt.